

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 01.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
116/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Isdal Smale - Søknad om Bedriftsrettet-/etablererstøtte Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om – Bedriftsrettet-/etablererstøtte* blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 10.11.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 116/21 Vedtak:

Prosjektet *Søknad om – Bedriftsrettet-/etablererstøtte* blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit enkeltpersonsforetak. Registrert 03.02.2001. Bransje: 74.102 Grafisk og visuell kommunikasjonsdesign Kjelde: proff.no

Saksopplysningar:

Isdal Gard jobbar med verdiskaping, produktutvikling, historieforteljing, merkevarebygging og sal.

Om prosjektet

Søknaden gjeld testproduksjon av garn av ull frå egne sauer, av type gammalnorsk spæl (bevaringsverdig rase). Ulla har dobbel fell; mjuk bunnell og sterke dekkhår, med stor variasjon i farge. Ulla vert i dag ikkje verdsett og endar ofte som avfall på gardane. Dette vil søkjar gjere noko med. Samla/sortert ull vert til garn hjå spinneri. Søkjar ønskjer å teste ut om det er ein marknad for garn frå sauene av Gammalnorsk spæl. I tre år har dei samla og sortert garn for å få eit stort nok parti til å sende til spinneri. No ønskjer dei å få gjort ein testproduksjon av garn frå egne/ lokale/norske sauer. Søkjar vil og jobba med merkevarebygging, historieforteljing og produktutvikling knytt til garnet.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet er å gjere seg erfaringar, teste ut produktet og sjå om det er grunnlag for ei vidare satsing på bruk av ulla til garn. Ein vil og å sjå om det er grunnlag for å tilby gardsutsal/opplevingar på garden.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om - Bedriftsrettet-/etablererstøtte	80 000	40 000	30 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg

prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til berekraftig næringsutvikling, nyskaping, samarbeid og kompetanseutvikling i næringslivet

Vedlegg i saken:

03.11.2021	Isdal gard, søknadssjema	1635118
03.11.2021	Isdal gard, vedlegg	1635119